



# Praksiskonsulent allmennlege i Sogn

Fag og utviklingsavdeling, Helse Førde











## Er du allmennlege, og engasjert i samarbeidet mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta? Då er denne oppgåva noko for deg!

Helse Førde har ledig fast 20% stilling for allmennlege som praksiskonsulent for områda i Sogn.

Praksiskonsulentane er allmennlegar med deltidsstilling i Helse Førde. Oppgåva er å bidra til gjensidig samarbeid, kunnskap og informasjon mellom nivåa i helsetenestene.

Ein av våre trufaste praksiskonsulentar skal slutte i stillinga, og vi søker ein lege som kan erstatte han. Praksiskonsulenten skal ha eit særskilt ansvar for oppfølging av legekontora i Sogn og av Lærdal sjukehus.

Helse Førde har 3 praksiskonsulentar, ein for kvar region; Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Stillinga er knytt til i Fag- og utviklingsavdelinga med utviklingsdirektør som leiar, og fagdirektør og samhandlingssjef som nære samarbeidspartar.

 Søknadsfrist:	<b>24.10.2022</b>	 Stillingar:	<b>1</b>
 Arbeidsgivar:	<b>Helse Førde</b>	 Heiltid / Deltid:	<b>Deltid</b>
 Stillingstittel:	<b>Praksiskonsulent allmennlege Sogn</b>	 Tilsetjingsfor...:	<b>Fast</b>
 Webcruiter-ID:	<b>4560746058</b>	 Stillingsprose...:	<b>20</b>
 Sosial deling :			

## Arbeidsoppgåver

- Bidra til å utvikle tenester og samarbeid. Det vil vere spanande oppgåver m.a. knytt til Pasientens helseteneste og etablering av helsefellesskap.
- Informasjonsaktivitet som bidreg til at legane i kommunane og spesialisthelsetenesta har god kunnskap om kvarandre sin praksis. Presentasjonar i ulike fora kan vere aktuelt
- Deltaking i samhandlingfora og utviklingsarbeid etter avtale
- Rådgjeving om opplæring og informasjon t.d. ved innføring av nye ordningar
- Regelmessige fellesmøte med dei andre praksiskonsulentane, samhandlingssjef og utviklingsdirektør
- Arbeidet inneber noko reiseverksemd

## Kvalifikasjonar

- Medisinsk embetseksamen, og helst spesialisering som allmennlege og/eller samfunnsmedisin
- Erfaring som allmennlege
- God kjennskap til spesialisthelsetenesta

### Personlege eigenskapar

- Gode samarbeidsevner, høg fagleg integritet
- Strukturert
- Gode formidlingsevner muntleg og skriftleg
- Det vert lagt vekt på personlege eigenskapar

### Vi tilbyr

- Løn etter avtale
- Praksiskonsulentarbeid gir rett til fritak frå plikt til offentleg legearbeid i kommunen, jfr Rammeavtalen mellom KS og DNL §12.6.p
- PKO-arbeid meritterer i ALIS utdanning og i etterutdanning: Arbeid som praksiskonsulent (2 poeng per arbeidsdag) - inntil 120 poeng pr godkjenningsbolk (5 år)
- Kontorplass og naudsynte arbeidsverktøy vert stilt til disposisjon
- Deltaking i nasjonale praksiskonsulent-fora, samhandlingskonferansar, andre kurs

### Mangfoldserklæring

Føretaksgruppa i Helse Vest ønskjer å spegle mangfaldet i befolkninga i rekrutteringa vår. Vi oppmodar alle som er kvalifiserte til å søkje ledige stillingar uansett kjønn, alder, funksjonshemming og fleirkulturell bakgrunn. Det same gjeld dersom ein har hatt eit lengre opphald frå arbeidslivet. Føretaksgruppa i Helse Vest ønskjer å leggje til rette for inkluderande rekruttering.

Dalavegen 29, 6856 Sogndal, Norge



### Opne vegbeskriving

Helse Førde HF har ansvar for spesialisthelsetenestene i Sogn og Fjordane. Føretaket arbeider for å gje pasientar og brukarar eit godt og heilskapeleg tilbod innanfor gjeldande rammor. Helse Førde sine institusjonar og prehospitala tenester er organisert i eit heilskapeleg nettverk, og samarbeidet med andre instansar som m.a. kommunane er høgt prioritert. Føretaket har om lag 3 000 tilsette og eit budsjett på over 3,2 milliardar kroner og er den største verksemda i Sogn og Fjordane. Forsking og innovasjon er og viktige oppgåver i sjukehuset.

Helseføretaket er eigd av det statlege Helse Vest RHF. Helse Vest skal så langt som råd avspegle mangfaldet i befolkninga. Vi ønskjer å rekruttere medarbeidarar uavhengig av kjønn med ulike kompetanse, fagkombinasjonar, livserfaring og perspektiv for å bidra i spesialisthelsetenesta.

### Kontaktinformasjon

DK

**Dagrun Kyrkjebø**  
Samhandlingssjef  
☎ (+47) 950 70 684

NS

**Normund Svoen**  
Praksiskonsulent - leiar  
☎ (+47) 957 70 807

